



Lars Enes
Teiglandsvegen 131

5680 Tysnes

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Francesca Galdiolo	480 25 632	2023/2494-7		20.10.2023

LØYVE TIL BYGGING AV LANDBRUKSVEG – delegert vedtak

Vegformann: Lars Enes

Vegnamn: -

Vegklasse: Enkel traktorveg – avvik frå vegklasse

Veglengde: 60 meter

UTM koordinatar: 6664991,5N 339321,2Ø

Delegert saksnr: 2023/467

Vedtak:

Med heimel i skogbrukslova § 7 og i *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier §§ 3-3 og 3-4*, vert søknad journalført 27.07.2023 - og tilhøyrande situasjonsplan og avtalar, godkjent med delegert saksnr.: 2023/467

Vilkår:

1. Vegen skal byggjast i traseen i tråd med innsendt skisse.
2. Det vert utarbeidd vegplan (minst lengdeprofil og kartdokumentasjon på vegtraseen)
3. Vegen skal byggjast i tråd med «Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse»
4. Vegbygginga må starta innan tre år, og vera ferdig innan fem år, frå vedtaksdato. Det må søkjast om utsetjing dersom fristane ikkje vert haldne.
5. Vegen skal vera tilpassa terrenget på best mogleg måte slik at skjeringar og fyllingar vert redusert til eit minimum.
6. Det skal berre brukast naturlege massar som stein, pukk eller grus som er stadeigne, utvinnast frå godkjente massetak eller frå pukkverk. Det må ikkje brukast asfalt, forureina massar eller avfall.
7. Vegen og skråningar skal sikrast mot avrenning. Erosjonsfare skal minimerast med hjelp av eigna tiltak.
8. Viss det er behov for å fjerne kantvegetasjon må det søkjast om dispensasjon frå vassressurslova §11 til Statsforvaltaren.
9. Etter NVE si fråsegn (vedlagt) syner vi til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til mionst mogleg skade og ulemper for allmenne og private interessar.
10. Dersom det vert funne fornminne skal Fylkeskonservator varslast jf. svarbrev frå Vestland fylkeskommune (vedlagt).
11. Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper for private interessar som følgjer av tiltaket.

12. Vegformann skal varsle landbrukskontoret i Kvinnherad kommune når veganlegget er ferdig slik at det kan verta utført resultat- og miljøkontroll på vegen.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå motteken melding om dette vedtaket

Grunnlag for løyvet:

Arealstatus: Den omsøkte arealbruken er i samsvar med kommunedelplan

Nabovarsel: Naboar og motbuarar er lovleg varsla. (Det ligg ikkje føre protestar).

Avkøyrsløse til offentleg veg: ikkje aktuelt

Lovheimlar:

- Lov om skogbruk § 7
- Naturmangfaldlova § 8-12
- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar

Vurdering:

Løyve til bygging av landbruksveg skal berre gjevast når det er avklart at det ikkje er særskilde naturverdiar i veglinja som vert øydelagd eller skadd.

Søknaden er vurdert etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova:

§ 8 – (*Kunnskapsgrunnlaget*)

Planlagt vegtrase er vurdert ut i frå Artsdatabanken og Naturbase.

Kommunen kan ikkje sjå registrerte sårbare artar eller viktige naturtypar i eller ved veglina.

§ 9 – (*Føre-var-prinsippet*)

Etter landbrukskontoret sitt syn ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmiljøet i området.

§ 10 – (*Økosystemtilnærming og samla belastning*)

Det er ikkje registrerte særskilde natur- og miljøkvalitetar i området, og økosystemet vert påverka i liten grad av dette tiltaket.

§ 11 – (*Kostnadane ved nedbryting av miljøet skal berast av tiltakshavar*)

Tiltakshavaren skal dekkja kostnadane ved å hindra eller avgrensa skade på naturmangfaldet.

§ 12 – (*Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar*)

Det vert ikkje sett krav om særskilde hogstformer. Ved avrenningsfare skal det nyttast metodar for å minska/fjerna risikoen.

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Francesca Galdiolo
Rådgjevar skogbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet

Vedlegg: